



Janne Hjørnevåg, som hadde ideen, innbyr til ny tussatur denne hausten. Den vert avvikla onsdag 28. oktober frå klokka 18 til 19.30. Tussaturen i fjor vart ein stor suksess med 90 deltakarar frå rundt rekna 20 familiar. Prisen er 50 kroner for kvar eller 200 kroner for heile familien.

Og kva er så ein tussatur?

Det blir laga ei refleksløype med oppgåver i skogen på Heio. Løypa blir litt lengre enn i fjor, men Janne lovar at den blir minst like skummel.

Etter at ein har lista seg skjelvande gjennom skogen blir det godt å få servert boller, lappar og varm kakao eller saft og kaffe.

Deltakarane blir oppmoda om å ta med refleksvest, sitteunderlag og framfor alt lommelykt. Barnetrimmen og idrettsskulen går ut denne onsdagen på grunn av arrangementet. Biletet er frå tussaturen i fjor.

(Foto: Ola Matti Mathisen)